
Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: 11. mai 2015 16:48
Til: Tor Hegle
Kopi: Arnold Matre; Christian H. Reinshol; gunnar.syslak@gmail.com
Emne: SV: Veråsvegen 131, gnr 108 bnr. 25 mfl. Sak 15/1605.


Eg takkar for svar.

Meldinga mi av 21. april 2015 var adressert til Lindås kommune, som har fleire roller å spela, i dette tilfelle også ei grunneigarrolle som nabo i nord og som vegeigar og mogleg samarbeidspartnar i eit eventuell plansak og eventuell medinteressent når det gjeld utbetring av krysset mellom Veråsvegen og Gamle Prestavegen. Har saka vore drøfta med kommunens eigedomsavdeling og vegavdeling ?

Kan me få presisert kommuneplanen på det punktet som gjev heimel for å hevda at «....vidare byggeutvikling av dei aktuelle eigedomane bunden av eit plankrav» ?

Kommunen skriv vidare at «...den beste løysinga for vegstyresmaktene vil vere å løyse utviklinga på staden gjennom ein eigen reguleringsplan.» Kan det seiast noko meir om kva dette betyr i praksis ? Er det tale om ei pågåande reguleringssak for Veråsvegen ?

Utsnitt av kart med markering av 100 meter til strandkant ca.:



Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen
vidar-mj@online.no
tlf 55 59 82 62
mob 907 88 921

Fra: Tor Hegle [<mailto:Tor.Hegle@lindas.kommune.no>]
Sendt: 11. mai 2015 16:08
Til: Vidar Mjøs

Kopi: Arnold Matre; Christian H. Reinshol; gunnar.syslak@gmail.com

Emne: Veråsvegen 131, gnr 108 bnr. 25 mfl. Sak 15/1605.

Hei.

Eg viser til din epost til oss av 21.04.2015., der det kjem fram at ein ynskjer å bygge ut eigedomane gbnr. 108/25, 35 og 489.

Eg forstår førespurnaden som at ein ynskjer utvikling av tomtene utan å regulere.

- Eigedomane gbnr. 108/25, 35 og 489, ligg i dag i uregulert område.
- Etter gjeldande kommuneplan ligg eigedomane i eit område som er sett av til bustadføremål.
- Det har vore gjennomført oppstartmøte for regulering, den 12.03.2013. Det er ikkje kunngjort oppstart for reguleringsarbeidet.
- Eigedomane ligg innanfor 100m-beltet til sjø (jfr Pbl§1-8.)

Byggesak- og planavdelinga har saman gjort ei vurdering av førespurnaden.

- Etter gjeldande kommuneplan er vidare byggeutvikling av dei aktuelle eigedomane bunden av eit plankrav.
- Kommunen kan ikkje i denne omgangen gjere ei vurdering korleis ein eventuell søknad om dispensasjon vil bli handsama.
- Administrasjonen er bunden av dei føringar som kommunestyret har gitt i gjeldande kommuneplan. Utanom dette ligg eigedomane nærare sjø enn 100m. I 100m-beltet mot sjø har Fylkesmann vore restriktiv mot utbygging. Med dette meinast at ein i utgangspunktet vil vere negativ i behandling av ein eventuell dispensasjonssøknad.
- Eg reknar med at den beste løysinga for vegstyresmaktene vil vere å løyse utviklinga på staden gjennom ein eigen reguleringsplan.

På bakgrunn av det som kjem fram vil vi tilrå utbygger å føre reguleringsarbeidet vidare. Ta gjerne kontakt med planavdelinga om dette.

Eg kan ikkje sjå at eit drøftingsmøte vil føre til anna vurdering frå kommunen på den staden ein no er i prosessen.



Med helsing

Tor Hegle, Avdelingsleiar Byggesak, Lindås kommune.